



Hordaland Fylkeskommune - Regionalavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2103 - 14/14108

Saksbehandlar:
Arthur Kleiveland
arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:
30.12.2014

Høyringssvar til "Regional plan for vassregion Hordaland"

Radøy kommune gjev høyringsuttale til «Regional plan for vassregion Hordaland». Formannskapet i Radøy gjorde følgjande vedtak i møte 18. desember:

«Radøy kommune meiner at høyringsnotatet i for liten grad fokuserer på dei overordna perspektiva i høve klima, forsyningstryggleik og verdiskaping. Hordaland er eit stort fornybar-fylke, kor det vert produsert store mengder vasskraftbasert energi. Me meiner kostn/nytte-vurderingar av tiltaka er for lite utgreidd, og viser til at dei føreslegne tiltaka er berekna til at vasskraftprodusent åleine kan tapa 130 millionar kroner årleg på tiltaka.

Radøy kommune ser positivt på arbeidet med å sikra ein felles, berekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynne, og ynskjer å vera ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Radøy kommune vil framheva behovet for styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikra gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meining for därleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. Kartlegging og oppgradering av spreidde avlaup vil vera kostnadskrevjande og ei vurdering av kostnad knytt til dette må utgreiaast. Dette gjeld spesielt der det er knytt usikkerheit til påverkingskjelde og påverkingsgrad. Tiltak må setjast i gang når ein veit kvar effekten vert størst.

Utslepp frå landbruket er ei utfordring som ein ikkje veit omfanget av. Det vert halde møter jamleg med informasjon om problema med avrenning frå jordbrukskulturen, men det vil vera ein føremon at ein kan gje støtte gjennom tiltaksordningane RMP og SMIL for å få i gang effektive tiltak. SMIL-strategien for Radøy kommune skal reviderast i 2015, og det vil då vera naturleg å leggja inn støtte til tiltak mot betre gjødselhandtering. Det vil også vera mogleg å påverka RMP-tildelinga gjennom innspel til Fylkesmannen. Kartlegging for å finna dei områda der effekten vert størst må prioriterast før ein kan setja i gang gode tiltak.

Radøy kommune vil jobba vidare med dei tiltaka som kommunen har mynde for eller sjølv har ansvar for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innanfor landbruk og avlaup. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som fylge av vassforskrifta.

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Høyringsuttale Regional plan for vassregion Hordaland - Radøy kommune

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune -
Regionalavd.

Postboks 7900

5020

BERGEN